

# KULTUREN OG KUNSTEN I KVARDAGSINTEGRERINGA

## Innspel frå Det Norske Teatret

Det Norske Teatret har motteke brev av 22.7 om kvardagsintegrering i Noreg, og er bede om å gjere greie for tiltak som er i gang, og planar for framtida.

Det Norske Teatret har lang tradisjon når det gjeld å ha eit inkluderande perspektiv. Før i tida kom folk frå heile Norges til hovudstaden og fann ein «heim i teatret», og DNT har alltid vore eit samlingspunkt for nykomrarar. I dag er det naturleg å bringe dette vidare. No gjeld det folk som har kome til Noreg frå andre kantar av verda. I eit multietnisk samfunn må vi famne mangfaldet. Vi ønskjer å ta med oss fortida inn i notida til eit modig møte med framtida. Slik skal Det Norske Teatret vere ein viktig aktør i eit fleirkulturelt Noreg:



## DET MULTINORSKE

Hausten 2012 opna bachelorstudiet Det Multinorske ved teatret for skodespelarelevar med innvandringsbakgrunn. Det ligg ei slags nydefinering av teatrets oppgåve i prosjektet. Teatret ville med Det Multinorske synleggjere at Oslo lenge har vore ein etnisk samansett og mangfaldig by, og etableringa var ei naturleg vidareføring av dette.

Vidare har det lenge vore ei felles oppfatning både innanfor og utanfor det norske teatermiljøet at det blir rekruttert altfor få skodespelarar frå innvandringsmiljøa. Det Multinorske er eit unikt initiativ frå Det Norske Teatret, for kunne byggje eit ensemble som *speglar* det moderne Noreg.

Utdanninga er treårig og leier til ein bachelorgrad. Dei som fullfører studiet får tilbod om eit praksisår med løn på Det Norske Teatret. Studiet blir gjennomført i samarbeid med teaterutdanninga ved Nord Universitet, men undervisningsopplegget er primært på Det Norske Teatret. Det Norske Teatret er tungt involvert i den kunstnarlege, pedagogiske og administrative styringa av utdanninga.

Første kull i skodespelarstudiet avslutta utdanninga si våren 2015 og har gått inn i ensemblet i året 2015/2016. Vi ventar å sjå dei på ulike norske scenar i åra framover, og dei har i dag fleire oppgåver framfor seg både her på teatret og ved andre scener.

Kva for effekt på dei ulike miljøa har ei utdanning som Det Multinorske og det at studentane er ute i jobb etterpå? Effektane av eit prosjekt som dette og som dessutan har ein så lang horisont, kan vere vanskeleg å måle. Men vi veit at mange har tatt kontakt med våre tidligare studentar for råd og hjelp. Vi er ikkje i tvil om at vi på sikt syner dei som går denne utdanninga at det er mogeleg for personer med ulik bakgrunn å bli profesjonelle skodepelarar. Det trur vi har mykje å seie for den framtidige rekrutteringa til bransjen.

Kull nummer to starta opp hausten 2015. Dei seks elevane har opphav frå Uganda, Etiopia, kurdisk Iran, Vietnam, Brasil og Senegal.



Frå *Tilnærma Lik* av Jonas Hassen Khemiri

<https://vimeo.com/153506774>

## DEN MANGFALDIGE SCENEN

Parallelt og i forkant av etableringa av Det Multinorske har teatret, saman med BUL og Noregs Ungdomslag, sidan 2007 vore engasjert i samarbeidsprosjektet Den mangfaldige scenen (DMS). Dette er eit breiddetilbod kor barn og unge (6 til 28 år) i Oslo får utforske ulike scenekunstuttrykk.

Den mangfaldige scenen tilbyr kurs, verkstader og framsyningar av og med unge under rådgjeving av profesjonelle kunstnarar. Teatret tar utgangspunkt i den store og varierte kulturelle rikdommen som dei unge har med seg. Kvar einskild får høve til å ta i bruk og utvikle dei skapande evnene sine i samarbeid med kunstnarar.

Føremålet er:


- å få fram nye uttrykk i møte mellom interessene og kulturarven til dei unge.
- at teatret er ein plattform for framtidige kunstnarar
- å bidra til å sikre rekrutteringa til Det Multinorske og skape forståing og interesse for teater i større del av befolkninga.

Årleg har DMS tilbod til 150 unge. Medlemmene er frå alle moglege kulturelle og sosiale miljø i Oslo. Dei unge har språkbakgrunn/kulturell bakgrunn frå over 50 nasjonar. Dei er med på kurs og verkstader i skuletida, AKS-tida og i kveldsgrupper.

DMS har gjennom fleire år hatt tilbod spesielt til ungane på *AKS på Møllergata og Tøyen* skole. Alle kurs ender i mindre eller større framsyningar på Nynorskens hus og andre scener, også på Det Norske Teatret.

Elevane har øvingar kvar veke på Det Norske Teatret og er godt kjende i huset. Saman med foreldre og sysken er dei inviterte på generalprøvar på barne-, ungdoms- og familieframsyningar. Det blir lagt til rette for møte mellom skodespelarane på teatret og dei unge, og dei får òg vere med på omvisingar bak kulissane.

Ungane og familiene deira er fortel stolte at det er Det Norske Teatret som er deira «hus» og at dei kjenner seg heime i teatret.



Frå prøvane til *Bergmannen* av Henrik Ibsen. Regi Bjørn Sundquist. Framsyninga blei vist på Det Norske Teatret 11. februar 2016.

<http://mangfaldige.no/bergmannen-med-bjorn-sundquist/>

## FORMIDLING

Det Norske Teatret skal til ei kvar tid ha eit engasjerande og godt tilbod for barn, og vere eit teater som er attraktivt for ungdom.

- Teatret arbeider målretta med ulike pedagogiske program for skolane. Vi tilbyr formidlingsaktivitetar som gjev elevane større utbytte av framsyningane dei ser. Desse aktivitetane gir auka kunnskap om stykka og aktualiserer teaterbesøket for elevane.



### Langsiktige og konkrete samarbeid med skolar og andre i Oslo

Teatret har hatt langсiktige samarbeid med tre skolar: Veitvet, Holmlia Bjørnholt. Det er alle skolar med høge innslag av etnisk mangfald. Vi har òg samarbeid med vaksenopplæringa ved Rosenhoff og Sinsen, der elevane og familiene deira får gunstige priser til produksjonane våre og pedagogiske formidlingstilbod.

Kva gjeld samarbeid med ideelle organisasjonar så har vi regelbunden kontakt med til dømes Røde Kors, Kirkens Bymisjon, Foreningen for fangers pårørende, Rikshospitalets barneavdeling, Radiumhospitalets barneavdeling med fleir. Vi inviterer brukarane frå disse til generalprøver, omvisingar, møte med skodespelarar.

### Internasjonale samarbeid

Våren 2017 skal teatret vere med i eit intereuropéisk teaterprosjekt som heiter NADIA. Dette er eit prosjekt som spring ut av den europeiske teaterorganisasjonen ETC der DNT er medlem. Tema er ungdom og radikalising. Vi skal både sette opp ei framsyning på teatret, og utvikle eit digitalt undervisningsopplegg. Dette koordinerast og utviklast saman med dei andre teatra i prosjektet. Føremålet er spesielt å oppnå kunnskapsutveksling og kulturutveksling mellom skoleklassar i 5 europeiske byar.

Teatret har også tidligare delteke i ungdomsprosjekt i ETC regi; seinast i 2013 med framsyninga I/Ik/Eg. <https://youtu.be/aXIqupqOPY8>

Vi har og inngått eit samarbeid med organisasjonen JustUnity som arbeider med å førebyggje radikalising og ekstremisme blant ungdom. Her skal teatret vere med å produsere ein

framsyning/foredrag/forteljing og ungdomen skal sjå den i teatret. Dette skjer i 2017/18. Les meir om JustUnity her: <http://www.justunity.no/>

## MÅLSETTINGAR og INTEGRASJON

Teatret ville med Det Multinorske og Den Mangfaldige Scenen synleggjere Oslo som ein etnisk samansett og mangfaldig by. Denne målsettinga ligg til grunn for både programmeringa og formidlinga av teatret sitt tilbod.

Tanken er ikkje eit spesifikt tiltak som skal treffe *ei spesiell målgruppe*, men heller at det totale tilbodet på teatret skal auke besøket frå *alle grupper*.

Vi er varsame med kategorisering av publikum, og spør ikkje etter etnisk opphav eller bu tid i Noreg. Difor har vi heller ikkje tal som går spesifikt på bakgrunnen til publikum. Men vi observerer salen og ser om det er eit samansett publikum. Vi undersøkjer òg kundedatabasen vår med jamne mellomrom og føljer med på kor samansett den er med tanke på representasjon av dei ulike bydelane.

Teatret arbeider med formidling av eit «multinorsk» repertoar. Vi gjer ingen skilnad eller understreker det heller ikkje.

Repertoarplanlegginga byggjer på strategien om eit breitt og djervt repertoar, og Det Norske Teatret har som verdi av vi skal vere eit ope teaterhus. Vi skal dele og vi skal vere noko for alle. Ikkje berre scenane skal reflektere tema som er aktuelle i samfunnet, men det skal òg speglast i gratistilboda våre. I 2015 samla til dømes «Innsikt» omlag 7500 personar til fordjuping. Her kan til dømes skodespelarane delta når det er relevant, eller elevane frå Det Multinorske. No i 2016 har vi ein eigen podcast, der ei av målsettingane er å tilby alle Innsiktsarrangement som podcast. Slik kan vi nå fleire også utanfor huset.

«Bikubekveld» er ein aktivitet på fredagskvelden der vi inviterer til konserter, gjestespel, open mikrofon, eller musikalsk nachspiel med ensemblet frå ei av framsyningane og mykje anna. Studentane frå Det multinorske har hatt sin naturlege plass her som ein integrert del av programmeringa.

Ulike samarbeidsprosjekt gjer seg òg gjeldande på vår minste scene, Bikuben. Her har vi hatt ein rekke tilbod til barn og ungdom; eit eksempel frå i fjar er fire stappfulle hus med prosjektet til vår huskoreograf Belinda Braza; Urban Art Attack. Eller for dei som er yngre, ein formiddag på hovudscenen i vår med Urban Art Attack for Kids. Desse arrangementa samla mykje folk, frå ulike miljø og med ulik bakgrunn, men med det til felles at dei er svært opptekne av dans og urbane kunstuttrykk som slam-poesi, hip-hop, rap med meire.

Les meir her:

<http://www.detnorsketeatret.no/bikube-hausten-opnar-med-kunstangrep/>

<http://www.detnorsketeatret.no/framsyningar/urban-attack-for-kids/>

Våren 2016 testa vi og ut eit barnetilbod der vi framførte eventyret om Krishna i samarbeid med Indisk dans og kultursenter.

<http://www.detnorsketeatret.no/framsyningar/eventyret-krishna/>

Til hausten held vi frammed å teste ut ulike konsept for barn, med målsetting om å etablere eit fast tilbod på laurdagar frå 2017.

<http://www.detnorsketeatret.no/framsyningar/barnelaurdag/>

Desse aktivitetane er eksempel på korleis vi tenkjer. Nøkkelord er samarbeidsprosjekt, ope hus og vilje til å teste ut nye konsept. Vi programmerar for ein kulturelt og etnisk samansett by – ikkje for ei spesiell målgruppe.

Å inkludere og integrere framandkulturelle er eit langsiktig og samansett arbeid. Alle må kjenne seg velkomne. Det tyder at det ein får oppleve på teatret, kjennes relevant. Vi må også nå ut med informasjon om kva ein kan vente seg av desse opplevingane. Vi arbeider systematisk for å nå målsettinga om å spegle det moderne Oslo og Noreg. Dette gjeld både på scenane og i publikumsområda.

Oslo, 31.8.2016,

Åse Ryvarden  
Det Norske Teatret